

Adressater etter liste
Beboere i Vågsbunnen
5018 BERGEN

Dato: 08.09.2014
Vår ref.: 2014/18737-9
Saksbehandlar: gunradd
Dykkar ref.:

VARSEL OM STENGING

16.–22. september 2014 arrangerast Europeisk mobilitetsuke i en rekke norske og europeiske byer. Årets slagord er «**Våre gater, vårt valg**», ein oppmoding til innbyggjarane om sjølv å skape den byen dei ønskjer å leve i. Målet er å sette fokus på livet i byen og smart og bærekraftig mobilitet.

I løpet av veka vil det vere fleire arrangement. Eit av desse er lagt til området i Vågsbunnen og vil få innverknad på bebuarar og næringsdrivande i området. Dette gjeld «Bilfri dag» som vil finne stad laurdag den **20. september frå klokka 11 til 15**. I dette tidsrommet blir Kong Oscars gate stengt for all trafikk frå Vetrilidsallmenningen og til Nedre Korskirkeallmenningen. Fastbuande i Øvre Korskirkeallmenning skal ha tilgang til soneparkeringa frå sør, men øvrige bilistar blir vist til parkering andre stader enn Vågsbunnen. Nedre Korskirkeallmenningen vil vere stengt for innkøyring og parkering. Sjå kart på baksida av arket.


I den tida Kong Oscarsgate er stengt vil det ikkje vere tilkomst til Nedre Korskirkeallmenningen, og vi ber dei som har næringsverksemd i området om å vere særleg merksam på det.

Under «Bilfri dag» vil gatene i Vågsbunnen bli fylt med ulike aktiviteter som skal fremje mobilitet og er særleg retta mot barnefamiljar. Vi ønskjer å fylle gatene med «liv og røre» og inviterer alle bebuarar og lokale aktørar til å verer med, og gjerne bidra på kreativt vis under arrangementet.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Gunhild Raddum
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



«Bilfri dag» vert arrangert innanfor markert område. Her vil det vere mogleg å teste både el-sykkel og einhjulsykkel, samt delta i gategym og spinning. Det blir fleire aktivitetar og leikar retta mot barn, og Apa frå vennebyen kjem og på besøk. Det vil og vere tilbod om sykkelservice, så ta med sykkelen og kom!